I 1891 tok dei land i Norway Township i nærleiken av Cummings, saman med tre andre norske familiar og fekk ein kvart kvar. Dvs. 1/4 engelsk kvadratmil (650 dekar) – slik som Homestead-loven av 1862 bestemte. Det var berre norske i nabølaget, så norsk tradisjon og kultur vart teken godt vare på. Året etterpå gjekk dei tretten norske familiane der saman om å opprette Norway Lutheran Church. Utanom gudstenester vart kyrkja brukt til skule for dei mange borna i nybyggjarsamfunnet.

Men Nysve-folket skulle få oppleva stor sorg. På fem år var det tre dødsfall i familiene. I 1901 døydde Kristiane (52) av plager ho hadde fått av struma, to år seinare omkom eldsteguten Jon (25) i ei arbeidsulykke på farmen, og i 1906 døydde Caroline (18) av tuberkulose.

I 1903 hadde Johannes fått kjøpt ein av nabo-kvartane så nå hadde han 1.300 dekar jord! Han hadde god hjelp av borna sine til den nokså store farmen.

Heimreise og nytt giftarmål

Johannes må ha vore heime att i Norge før mars 1909, for den 23.3. dette året sender han kort frå New York til Frk. Pauline Rognstad. Det har svært stutt tekst til kjærleiksbrief å vera: «*Velkommen over. Hilsen J.H.N.*» Den gode handskrifta tyder på at han har hatt «sekretær» til skrivinga.

Norsk-amerikanaren må ha vore ein svært interessant kar i Øyer i denne sammenhengen – han som 24 år før reiste frå husmannskår og hadde ein vanskeleg oppvekst. Han satt nå med ein farm som gjorde dei største gardane i Øyer til småbruk i samanlikning. Dette var som eit eventyr! Han fortalte sjølvsagt om det storslagne landet der vest – at ein kunne få 650 mål fin, steinfri jord heilt gratis av staten, og at han sjølv åtte det dobbelte av dette arealet.



Johannes Hansen Nysveen.

Bilde fra omlag 1898.

Det var vel dei som tvilte på om dette kunne vera sant? Kvar han budde under sitt Norges-opphold, er ikkje kjent.

Pauline var frå nedre Rognstad, 28 år gammal på denne tida og 30 år yngre enn Johannes. Ho var utdanna sjukesyster frå Diakonisshuset og var styrarinne for Øyer aldersheim som starta opp året før. Det kortet han sendte henne frå New York i mars 1909, syner at han ville ho skulle komme til Amerika. Men ho ville nok ikkje det ettersom han kom attende alt i 1910. I januar 1911 gifta dei seg, og 12. juli same året vart tvillingane Jan og Paul født.

Ein snartur til Amerika

Pauline ville nok framleis ikkje bli amerikanar, så han hadde nå bestemt seg for å bli i gamlelandet for godt. Men han måtte over att ein tur, for å forpakte bort farmen til borna sine som nå var mellom 20 og 30 år. Pauline var med barn igjen, men han lova å vera heime att i god tid før fødselen som skulle skje i september.

Det var visstnok bestemt at han skulle reise den 3. april med ein båt som heitte «Olympic» og som skulle vera i New York den 10. april. 7. april skreiv han kort frå Southampton med slik tekst: «*I dag reiser vi fra England. Alt vel.*» Det står ingen ting om kva båt han skal reise med. Dette var det siste livsteiknet Pauline fekk frå han.

Da Johannes ikkje kom til Amerika da han var venta, vart det stor angst på både sider av Atlanteren. Men sjølv etter at «Titanic» hadde forlist, tenkte ikkje Pauline på at Johannes kunne ha vore med der. Ho var sikker på at han hadde reist med «Olympic».

Ho skreiv til han i Cummings og bad han innstendig høre frå seg. Ho fekk sjølvsagt ikkje noe svar. Familien i Nord-Dakota tok kontakt med dommar J. E. Bagstad i Hillsboro, og han telegraferte til reiarlaget White Star Lines kontor i New York som åtte «Titanic», for å spørja etter Nysveen.

24. april fekk han slik svar – i norsk omsetjing: «*Telegram mottatt. Navn John H. Nyoven står på listen, skal være John H. Nysven. Vi beklager at han ikke er blant de overlevende. White Star Line.*»

Feilskriving eller feiltyding av ein bokstav var altså årsaka til at det nå fyrst vart oppdaga at Johannes Nysveen var av dei omkomne på «Titanic». Liket vart aldri

Bildet på motstående side: Pauline med Johannes på fanget, truleg 7–8 månader. Paul sit til høgre. Jan står bak. Dei er bortimot 2 år gamle.



funne. I alt 31 norske omkom i dette forliset. Den 21. mai stadfesta «Gudbrandsdølen» at Johannes Nysveen var mellom dei omkomne.

28. april var det minnegudsteneste i kyrkja i Norway Township. Kyrkja var pynta med plommeblomster. Heile nybyggjar-samfunnet var samla og uttrykte stor medkjensle med familien som levde att. Johannes hadde hatt mye å seia for utviklinga i settlementet, så den brå bortgangen var eit stort tap.

Utpå sommaren 1912 kom ein med-pas-sasjer, Karl Midtsjø, til familien i Norway Township for å levere ein frakk og eit ur som høyrd Johannes til. Han budde der noen veker. Det vart eit vemodig møte; han fortalte sjølv sagt om hans siste levedagar.

Johannes Nysveen fekk si grav i Atlan-

terhavet. På farmen hans i Nord-Dakota er det oppsett ei minneplate med slik tekst:

John H. Nysveen

1850–1912

Døde til sjøs på Titanic

Familien i Øyer

Pauline kunne ikkje fatte at Johannes var omkommen slik det gjerne er når ein opplever sterke, dramatiske hendingar. I september fødde ho ein gut som fekk same namnet som faren.

Familien på fire budde i Rognstad hos broren, Iver, som var ugift, og dei fekk god støtte av han. Dei budde også andre stader i bygda, og i 1925 kjøpte ho småbruket Steinsli i Nordbygda. Gutane var da 13 og



Steinsli slik det var da Pauline kjøpte det.

14 år gamle og var til stor hjelp. Ho fekk noe erstatning frå ulike hald, m.a. frå reiarlaget som åtte «Titanic». Men det seier seg sjølv at økonomien måtte bli trøng.

Pauline kom seg aldri over tapet av mannen. Ho fekk dårleg mental helse resten av livet og hadde fleire opphold på psykiatrisk sjukehus. Ei lang årrekke i slutten av livet var ho sengjeliggjande, og det hadde sin årsak i psykiske lidingar. Sønene hadde vilja besøkt slektingane sine i Amerika, men ho nekta dei å dra utpå havet. Ho bud-

de hos sonen Paul, som stelte henne. Han bygde seg hus på Granrudmoen like etter krigen og der døydde ho i november 1966.

Somme menneske får hardare lagnad enn andre. Pauline Nysveen var ein av dei.

Kjelder:

«Titanic» 31 norske skjebner, av Per Kristian Sebak

Kyrkjebøker for Øyer og Tretten

Folketeljingar for Øyer 1865 og 1875

Utvandrarlister frå Øyer prestegjeld

Per Ivar Nysveen, Øyer

ØYER OG TRETEN
HISTORIELAG

Johannes Rusten:

På personjakt i kirkeboka

På sine eldre dager drev far, Paul Rusten, med slektsgranskning. Han fortsatte et arbeid som hans bror, Leif Rusten, startet opp. Med sin utmerkede handskrift skrev han stamtavler (vesentlige huller først i 6 generasjon) for alle sine 9 barn og sine 6 søsken. Det han samlet av stoff fikk min bror, Arne Rusten, maskinskrevet og mangfoldiggjort for snart 30 år siden.



Slekt skal følge slekters gang. Tre generasjoner Rusten:

I midten: Kjerste (1862–1932. Omtalte Goro var hennes oldemor) og Peder P. (1857–1940).

På sidene: Paul (1888–1970) og Kristine, f. Lie (1891–1982).

Ellers 7 av deres barn:

Fra v. øverst: Knut, Gudbrand, Per, og fra v. nederst: Arne, Gunvor, Kari og Johannes.

(Eldste datter, Kjersti, er ikke til stede. Yngste datter, Marit, ikke født.)

Som pensjonist har jeg tatt opp igjen dette arbeidet. I jakten på aner møter man enkelte pirrende utfordringer. Registreringen i kirkebøkene bærer preg av at det ikke har vært tradisjon eller regler for bruk av slektsnavn. Som etternavn ble oftest brukt navnet på stedet hvor personen bodde. Flyttet en person fra en gard til en annen, ble etternavnet ved neste registrering i kirkeboka som regel også endret. Ved dåpen er farens navn registrert, skrivemåten på så vel farens som barnets navn kan variere fra begivenhet til begivenhet oppover i livet. Dette skaper problemer når du skal forsøke å nøste opp dine aner.

For en av bestemor Rustens oldemødre, Goro Larsdatter, hadde far følgende kommentar: «Født Hov, dette er av nuværende Åsheimfolket. Kjendt er lærer L. Hov i Gausdal».

I kirkeboka finner jeg at Lars Kielgaards barn, Goro, er døpt 15.02. 1756. At dette er den rette Goro på denne plassen i anetavla er absolutt sikkert. Jeg finner Goro Larsdatter Kielgaard i kirkeboka da hun giftet seg med Ole Johannesen Bøe og da hun døde på Bøshaugen 28.03. 1853, 97 år gammel.

Goros far, Lars, i kirkeboka i 1756 med etternavnet Kielgaard, har skaffet meg mange arbeidstimer. Det første som undret meg, var at jeg fant igjen Lars bare en gang med etternavnet Kielgaard, da som fadder til Lars Knutsen Iles barn, Sigrid, døpt 14.03. 1756. Lars Knutsen Ile giftet seg med Kirsti Tostensdatter 18.05. 1755. De fikk også en datter døpt Goro.

Min neste oppdagelse var at jeg fant flere barnedåper av Lars Iles barn før 1755, bl.a. Ole døpt 05.12. 1745, Ragnhild 1748, Torjer 1752, og Johannes 1755. Jeg fant også en Under Larsen Ile begravd 07.05.1787 med en alder på 47 år, altså født i 1740. Så

langt var min antagelse at Goro Larsdatter Kielgaard kunne tilhøre denne søskjenflokken. Det var også klart at i tillegg til Lars Knutsen Ile var det enda en Lars Ile med en barneflokke der den eldste måtte være født på begynnelsen av 1740-årene.

Dermed startet jakten på et aktuelt brudepar i nærheten av 1740. Her fant jeg en Lars Gunnersen som giftet seg 04.07. 1739 med Ingri Larsdtr.

Ved sjekking av folketellingen for 1801, fant jeg ingen Lars Kielgaard, ingen Lars Ile, ingen Lars Gunnersen og ingen Ingri Ile med sannsynlig riktig alder. Det avgrenset leteområdet blant dødsfall til perioden ca. 1760 til 1801. Blant begravde fant jeg: «27.07. 1786 Lars Ile 74 år» og «19.02. 1789: Inge Larsdatter Ile, 74 år», Lars skulle altså være født i 1712 og Inge (Ingri) i 1715. Spenningen var stor da jeg slo opp i kirkeboka for å gå gjennom liste- ne over døpte disse to årene. I 1712 fant jeg bare en med fornavnet Lars som var døpt det året. Det var: Gunner Hofdes barn Lars, døpt 13.03. 1712. Den 24.02. 1715 ble Inge Larsdatter Ile døpt.

Hovedbrikkene falt på plass i mysteriet Lars Kielgaard, som mesteparten av sitt liv etter at han giftet seg, hadde brukt Ile som etternavn, men som i kirkeboka var registrert enten som Lars Gunnersen, Lars Kielgaard eller Lars Ile. At Inge Larsdatter Ile er den «Ingri» som giftet seg med Lars Gunnersen i 1739, føler jeg meg nå sikker på. Før flytting til Kielgaard, i dette tilfellet Aronsvekjølgård, hadde Lars og Inge sannsynligvis bodd på Ile, eller en husmannsplass til Ile, og brukt Ile som etternavn. Et etternavn som de fortsatte å bruke med noen få unntak senere i livet.

Det jeg ikke har greid å få på plass er fars utsagn om at Goro Larsdatter var av det «nuværende Åsheimfolket». Det jeg har

funnet ut er at Gunder Knutsen Hofde, Lars Gunnersens far, giftet seg med Bereth Tronsdatter 25.09. 1705. Ved deres forlovelse har presten skrevet Gunder Hofde-Eye i kirkeboka. Jeg finner videre at Tron Melumbs datter Bereth er døpt 30.05. 1686. Det er stor sannsynlighet for at det er denne Bereth som giftet seg med Gunder Hofde-Eye. Kanskje det finnes lesere som kan hjelpe meg slik at jeg med sikkerhet kan få bekreftet eller avkreftet fars utsagn om tilknytningen til Åsheimslakten.

Da jeg startet med slektsgransking, var det i første rekke for å ajourføre etter slektene etter mine fire besteforeldre. Det er ikke fritt for at jakten på aner av og til blir for

sterk. Denne form for jakt er irritabelt fascinerende selv om resultatet, når en kommer mange generasjoner bakover, bare har kuriositetens interesse.

I tillegg til kirkebøkene, er folketellingene nyttige kilder i dette arbeidet. Jørgen Trosvik sitter med et imponerende stort materiale og har gitt meg mye nyttig slektsinformasjon. For de som har tilgang til internett, er det to personer som har lagt ut slektsdatabaser over Øyerslekter på internett. Det er Per Nermo, sønn til Johan Nermo, og Øyer Genealogy, Kaldor v/ Nanna Egedius. Disse kilder er også brukt av norskamerikanere som er på jakt etter sine røtter i Øyer.

Lars Holmen:

Gardsklokker og kyrkjeklokker i Øyer og Tretten

Det historiske opphavet til gardsklokker er ikkje kjent. Ein veit ikkje når eller kvar gardsklokker først kom i bruk. Det er gjort lite av gransking på dette fellet, men det vesle som er gjort, tyder på at gardsklokker først og fremst høyrer til på Austlandet, Trøndelag og Nordmøre. Og i desse områda står Gudbrandsdalen og Østerdalen sterkt. Øyer har etter måten mange gardsklokker.



Nordgard Skåe.

Når vart det gardsklokker i Øyer og Tretten?

Den eldste opplysninga om gardsklokke her i kommunen finn ein på Jevne der vindfløya på klokketårnet har årstalet 1747. Ein kan gå ut frå at det vart sett opp ei klokke der det året, sjølv om både klok-

ka og klokketårnet som er der nå, er yngre enn dette.

Held vi oss til årstal på vindfløyer og klokker og opplysningar frå klokke-eigara-ne, ser det ut til at gardsklokkene kom i bolkar. Ein skal likevel vera litt forsiktig her – klokka treng ikkje vera kome til

gards det året ho vart støypt. Men små handverksbedrifter som desse støyperia var, låg dei vel ikkje inne med store lager av klokker?

I den første bolken kom det klokker på ni gardar: Rindal i 1795, Glømmen i 1798, Jevne, Tande og Bø fekk klokker omkring 1810, medan fire gardar på Nord-Tretten følgde i åra 1812 til 1818. I den neste bolken – 1839 til 1860 – kom det åtte klokker, og i den tredje – 1866 til 1885 – fekk 12 gardar klokke. Like etter hundreårsskiftet, 1907 til 1915, kom det klokke på sju gardar. Ei og anna klokke kom seinare, og noen få klokker let seg ikkje tidfeste.

Den femte og siste bolken er komen dei siste 20 åra. Omlag 25 gardsbruks og andre heimar har skaffa seg klokke i denne tida, lenge etter at den opphavelege bruken av dei tok slutt. Noen fritidseigedomar har også klokke, men dei er haldne utanfor her.

Namn på klokkene og bruken av dei

Det har vore brukt fleire namn på klokkene. Om dei gamle klokkene – dei frå før krigen – er ordet *matklokke* så å seia einedrådande. *Stabbursklokke* er brukt noen gonger, og *supklokke* ein gong. *Gardsklokke* derimot er brukt berre noen få gonger og alltid om dei nyaste klokkene.

Som det går fram av namnet *matklokke*, var klokkene brukte til å varsle arbeidsfolket om måltid: dugurd, middag og kveldvord. På noen få gardar vart dei også brukte til å varsle «ut att» etter kvila. Det er opplyst at det vart ringt i 3/4 takt: tung, lett, lett! På somme gardar vart dei også brukte til å varsle brann, når det ein sjeldan gong var varme laus.

Klokkene vart brukte berre i sommarhalvåret, og berre på yrkedagar. Dei fleste gardar hadde inga klokke, men folket der følgde gjerne klokker dei høyrd i nabolaaget.

Den opphavelege bruken av gardsklokker, tok slutt i 1950-åra, og det hadde samanheng med den omlegginga i jordbruket som skjedde på denne tida. Betre løns- og arbeidsvilkår i andre næringar, tvinga fram ei mekanisering av jordbruket. Traktoren avløyste hesten som trekk-kraft, og motorduren overdøyvde klokkeklangen. Det vart lite av leidt arbeidshjelp, så arbeidet vart stort sett utført av gardens eigne folk. Armbandsur vart alminneleg, så folket ute på jorda passa tida sjølve. Ved dette leitet var det 41 gardsklokker i Øyer og Tretten.

Klokker og klokkestøyperi

Etter det som går fram av brosjyre frå Olsen Nauen klokkestøyperi ved Tønsberg – det einaste i landet nå – består klokkene av ei legering med 78 % koppar og 22 % tinn, kalla klokke-bronse. Denne legeringa har alltid vore brukt i klokker – står det i den same brosjyra. Men ein veit sjølv sagt ikkje om alle støyperia har brukt denne legeringa. (Messing består av koppar og sink.)

Dette firmaet har levert alle klokkene som er komne i seinare tid, men berre to av dei gamle klokkene er komne frå dette firmaet enda det går attende til 1844. Eit par gardsklokker i kommunen består av støy-pejern. Omlag 1/3 av dei gamle klokkene og fire av dei nyare har krone, dvs. eit feste for opphenget som kan minne om ei kongekrone. Resten av klokkene har eit enklare oppheng.

Andre klokkestøyperi var Schmidt i Christiania, Holte på Toten, Skierstad i Elverum, Forset i Singsås, Knutrud på Lillehammer, og eit par klokker er komne frå Gøthe i Falun. Også noen andre klokkestøyperi har levert klokker hit, og ei einaste klokke er komen frå Amerika, frå Seneca Falls i staten New York.

Klokketårn

Gardsklokkene heng alltid i eit tårn, og det er oftast plassert på stabburet – derfor namnet stabbursklokke. Av og til står det på andre hus, helst på stugubygningen. Klokketåret har nesten alltid spir, og dette spiret kan ha vindfløy.

Klokketåra har noe ulik form, og det har vore lagt stort arbeid på dei. Tårntaket kan vera laukforma, ein stil som skil seg ut frå byggjeskikken elles i dalen og landet. Ein kan undrast på korleis dette stil-elementet har kome hit. Det får ein til å tenkje på aust-europeisk kyrkjearkitektur.

Andre klokketårn har det motsette – innsvinga form, og ein finn ofte element av sveitzerstil – t.d. dei med fire møner. Elles kan tårntaka ha pyramideform – firkanta, sekkskanta eller åttekanta. Ein kan også sjå enkle tårn med sal-tak, røsta same vegen som taket det står på.

Innskrifter

Klokka eller vindfløya eller både desse, har ofte personlege innskrifter av ulike slag. Det er helst namn eller førebokstavar på han eller dei som var brukarar på garden da klokka vart set opp, eller årstalet da denne overtok garden. Det er fleire eksemplar på at klokka har kome til gards som medgift. Berre gardsnamnet er også å finne som innskrift, helst på dei nye klokkene. Såleis blir klokka noe meir enn ein praktisk reidskap for å varsle måltid. Ho blir eit dokument som kan fortelja gardshistorie, eit vakkert midtpunkt i gardsanlegget som står for tradisjon og kontinuitet.

Innskriftene på klokkene er enten inngraverde, eller bokstavane er påsveisa. Somme gonger er dei støypte i eitt med godset i klokka. Namnet til støyperiet står oftast på klokkene, og på dei eldre står også støypingsåret.

Nye klokker og annan bruk

Det er snart femti år sidan gardsklokkene varsla måltid, og dei har ikkje lenger noen funksjon i kvardagen. Likevel har som nemnt omlag 25 gardar og andre heimar skaffa seg gardsklokke dei siste 20 åra.

I 1960 innførte sokneprest Kvarving ein fin skikk på pinse-eftan som har halde seg sidan: Etter at kyrkjeklokkene har ringt i fem minutt, svarar gardsklokkene og ringjer i dei neste fem minutta. Deretter tek kyrkjeklokkene over att og ringjer timen ut. Så å seia alle følgjer denne skikken, også gardar som ligg så langt borte at kyrkjeklokkene ikkje kan høyrast. Somme andre bygder har teke etter denne skikken.

Det er djup symbolikk i dette: kyrkjelyden svarar kyrkja! Det er som at folket gjev tilbakemelding om at bodskapen er motteken! Såleis er gardsklokkene med på



Klokka på Rybakken.

å skapa helg og høgtid over bygda. Noen ringjer også med gardsklokka på juleftan og elles ved høgtidssame høve som brudlaup, barnedåp, konfirmasjon og andre lag.

Klokkeklang skapar høgtid. Gardsklokka har såleis fått ein annan funksjon enn før: ho er ei helgeklokke som brukest til å markere dei meir høgtidssame stundene i livet. Og det er da også eit godt føremål!

Gardsklokker i Øyer:

Hunder

Diam.: 35 cm Høgde: 23 cm

Innskrift: *I. Hunder 1844*

Bokstaven I står for Iohannes. Klokka er støypt på øvre Dal i Fåberg av Christian Dahl. Ho kom til Hunder da dottera Karen vart gift med Johannes Lysgaard (Hunder). Det vart fortalt at det var innstøypt mye sølv i ho.

Fossegarden

På stabburet: Vekt: 35 kg

Innskrift: *Kari og Olaf Andersgård 1986*

Eldre klokke på motellet: Diam.: 40 cm
Høgde: 25 cm

Bjørge

Diam.: 36 cm, øvre kant: 18 cm

Høgde: 28 cm

Innskrift: *Støbt af J. A. Holte, Toten 1855*

Måkerud

Vekt: 40 kg Diam.: 39 cm

Innskrift: *Måkerud. Magnhild og Steinar Grimsrud 1978.*

Det var dette året dei kjøpte garden. Ho vart sett opp i 1992. Klokka har ein bladkrans langs kanten nederst og eit merke: ein liten sirkel med kors oppå. Ho er stemt i einstroken c.

Navet

Diam.: 30,5 cm Høgde: 23 cm

Klokka har påsveisa eit merke med logoen for Lillehammer-OL, nordlyset, og dei fem OL-ringane. Under desse står det: *Lillehammer 94*

Klokka er ei av 30 som vart brukte ved sal av snarmat under vinterleikane. Fleire landbruksorganisasjonar stod for salet og hadde matklokka som varemerke. Alle utsalsstadene hadde ei slik klokke som hang i ein enkel støpul.

Aasletten

Diam.: 19 cm Høgde: 16 cm

Klokka vart teken i bruk omlag år 1900. Ho vart brukt til å varsle måltid da det var faste gjester på garden. Kvass klang.

Jaer

Diam.: 27 cm Høgde: 24 cm

Innskrift: *1940 Olsen Nauen klokkestøperi, Tønsberg*

Ho vart teken i bruk omlag 1942.

Mo, Storstugun

Diam.: 40 cm Høgde: 30 cm

Ho vart teken i bruk omlag år 1860. Det vart sagt på Mo at klokka song slik: «Tomme tarmer! Kom sløyngjan!»

Svegarden

Vekt: 25 kg Diam.: 31 cm

Klokka blir brukt ved ymse høgtider og har ein tung klang. Ho vart sett opp i 1985.

Nermo

Diam.: 35 cm Høgde: 24 cm

Klokka har kvass klang.

Haugen

Vekt: 16 kg Diam.: 30 cm Høgde: 30 cm

Innskrift: *Familien Berg 1910*

Det var dette året familien kom til Haugen. Klokka vart sett opp i 1985.

Jevne

Diam.: 38,5 cm Høgde: 28,5 cm

Innskrift på klokka: *Støbt af Erich Schmidt i Christiania 1810. Johannes Heramb og Kari Olsdatter.* På vindfløya: 1747

Klokka har ein dekorativ bord. Ho har fyl-dig, syngjande klang.

Orrestad (Før: Øyer prestegard)

Diam.: 36 cm Høgde: 27 cm

Innskrift: *Støbt af A. O. Holte 1885.*

På vindfløya: 1892



Stabburet på Orrestad.

Vedum, Nistugun, «nordi»

Vekt: 35 kg Diam.: 36,5 cm

Innskrift: *Vedum 1985*

Klokka vart sett opp i 1988.

Skoggløtt

Vekt: 16 kg Diam.: 25 cm

Klokka vart sett opp i 1992.

Bø

Diam.: 32 cm Høgde: 28 cm

Innskrift: *Gütten i Falun 1807 af E. Gøhte*

Klokka er av støypejern og vart teken i bruk omkring 1810. Ho har tung klang.

Skåe' sygard

Diam.: 37 cm Høgde: 30 cm

Klokka vart innkjøpt i 1923 av regjerings-advokat Kristen Johansen som da åtte gar-den. Ho blir brukt som kyrkjeklokke når det er olsokmesse på Kjørkjbakken. Kvass klang.

Skåe' nordgard

Diam.: 40 cm Høgde: 32 cm

Innskrift: *Støbt af J.A. Holte paa Toten Aar 1882*

Klokka vart teken i bruk omlag 1883. Hans Skåden (1825–1902) bytta til seg klokka for ein hest som var verdset til 80 riksdalar. Klokka var først plassert på stugubygning-en, men vart omkring 1939 flytt til stab-buret. Ho har mørk klang.

Bollviken

Vekt: 25 kg Diam.: 31 cm

Innskrift: *Bollviken 1985*

Skjønsberg

Diam.: 33 cm Høgde: 25 cm

Innskrift: *Skierstad i Elverum 1841 N. 98*

Ho har kvass klang.

Lunke, nistugun

Diam.: 33 cm Høgde: 26 cm Krone 5,5 cm

Innskrift: *Støbt af H. Skierstad i Elverum 1838*

Klokketårnet har verhane der det står S.L. 1839

Bokstavane står for: Syver Lunke.

Opdal

Lita klokke på omlag 8 kg

Sirabøl

Diam.: 27 cm Høgde: 27 cm

Stabburet vart bygt omkring 1966 og klok-ka vart oppsett på same tid. Ho har spinkel klang.

Sølvskottberget rehabiliteringssenter

Diam. nederst: 30 cm, øverst: 15 cm Høgde: 25 cm
Ho vart sett opp da senteret vart opna i 1969.

Høistad

Vekt: 8 kg Ho vart oppsett i 1995

Nordeng

Vekt: 35 kg. Diam.: 36,5 cm
Innksrift: *Paula og Johs. Fossum 1953*
Klokka vart oppsett i 1986.

Staum

Vekt: 25 kg
Innksrift: *10.11. 1969 STAUM*
Klokka vart oppsett i 1985.

Kvam

Diam.: 39 cm Høgde: 27,5 cm Krone 9 cm
Innksrift: *A. & H. Holmen Kvam 1908.*
L. Knutrud, Lillehammer.

A og H står for: Anton og Hanna. Klokka var på utstilling i Drammen i 1901. Ho har påsveisa fire mynter.

Skard

Diam.: 34,5 cm Høgde: 31 cm Krone: 8 cm
Innksrift: *Støbt af H. Svenskerud paa Thoten Aar 1876 K.H.S.*

Rindal

Diam.: 38 cm Høgde: 30 cm Krone: 6 cm
Innksrift: *Støbt af A. O. Holte paa Thoten Aar 1875*

Klokketårnet har verhane med årstalet 1795 (Sjå: Tande).

Rybakken

Vekt: 46 kg Ho er stemt i einstroken h.
Innksrift: *Med denne klokka vi minner og takker dei som før her var, og til glede for dei som kjem etter. Anna og Johan Rybakken. 1986*

Klokka har ein vakker bord øverst. Langs kanten nederst er det blad-dekor. Det blir ringt ved jul og pinse og ved bryllup, barnedåp og andre lag.



Bilde frå Rybakken.

Nymoen, søre

Vekt: 25 kg Diam.: 31 cm
Innksrift: *Aagot og Arne Sletten 1993*
Ho har kvass klang.

Lågårud

Vekt: 40 kg Diam.: 39,5 cm
Innksrift: *T. og H. Engen 1957*
Bokstavane står for Thea og Hallvard. Det var dette året dei kjøpte garden. Klokka vart sett opp i 1980-åra. Ho er stemt i einstroken c.

Nordlien

Vekt: 25 kg Diam.: 31 cm
Klokka vart sett opp i 1985.

Rognstad, nedre

Vekt: 16 kg Diam.: 25 cm
Innksrift: *Rognstad -85*
Klokka vart sett opp i 1987



Stabburet på nedre Rognstad.

Kyrkjeklokker i Øyer:

Øyer kyrkje. Det er to klokker i tårnet – ei stor og ei medels stor. Kyrkje-rekneskapen syner at det vart skaffa ei klokke i 1779 og ei i 1799. Den største har slik innskrift: *Bekostet af Øiers Menighed. Støbt af Hans Etnestad. Aar 1844*

Klokka vart omstøpt dette året fordi ho hadde sprukke. Det er fortalt at folk gav sølv for at ho skulle få vakker klang.

Den minste klokka har slik innskrift skriven med sjablong og gyllen måling: *B. Simensen, Gjøvik*

Skrivemåten av by-namnet – k i staden for g i slutten av ordet – tyder på at klokka har vore omstøpt i seinare tid – dersom det da ikkje er ei heilt anna klokke enn ei av dei som er nemnde ovanfor.

Kapellet i Sirabøl

Diam.: 27 cm Høgde: 27 cm

Klokka kom på plass da kapellet vart vigsla i 1972. Ho heng i kyrkjesvala.



*Kapellet i Sirabøl bygd 1972.
Klokka kan skimtast i svala.*

Gardsklokker i Tretten:

Skarsmoen

Diam.: 40 cm Høgde: 35 cm

Innskrift: *Skarsmoen 1994*

Klokka blir brukt både ved jul og pinse.

Holmen

Diam.: 38,5 cm Høgde: 30 cm

Innskrift: *Støbt af R. Forset i Singsaas 1871*

Klokka song: «Kom til måls! Kom til måls!» Det ser ut til at ho er av støypegods.

Bådstø

Lita klokka, innkjøpt omkring 1970. Ho blir brukt ved selskap sommarstid når gjestene skal gå til bords.

Mo

Diam.: 34 cm Høgde: 31,5 cm

Innskrift på vindfløya: *1876*

Fossum

Vekt: 25 kg Diam.: 31 cm

Anne og Magne Fossum 1986

Klokka er ikkje sett opp enno, men skal hengje i ein støpul på tunet.

Landgard

Diam.: 37 cm Høgde: 25 cm

Innskrift på vindfløya: *E.T.S.L. 1859*

Bokstavane står for: Erik Tostenson Landgard. Klokka er komen frå Folldal. Ho har tung klang.

Stalsberg, nedre

Diam.: 31 cm Høgde: 23 cm

Innskrift: *Støbt af Holte paa Thoten 1882*

Ho har medels tung klang.

Simengard

Diam.: 23 cm Høgde: 20 cm

Ho vart oppsett på garden i tida 1940–45 og har vore skipsklokke før.

Tårstad

Diam.: 36 cm Høgde: 24 cm

Tande

Diam.: 35 cm Høgde: 29 cm

Innskrift: *Ole Eriksen Rindahl i Øyer 1795*
Støbt af Erich Schmidt i Christiania i 1795
Klokka er av støypejern og har ein tung klang. Ho var først matklokke på Rindal i Øyer og vart truleg flytt til Tande i samband med at Østen Olsen Rindal gifta seg med Ingeborg Amundsdotter Tande i 1808. (Sjå Rindal).

Klæva

Diam.: 35 cm Høgde: 26,5 cm

Innskrift på klokka: *Güten i Falun aar 1804 af E. Gøthe*
På vindfløya: *O.K. 1915*

Bokstavane tyder: Olaus Klæva. I 1915 vart klokketåret flytt frå ein annan bygning dit det nå står. I vakre bordar rundt heile klokka er det to englehovud og eit symbol som er sett saman av fire piler i eit kvadrat med ein krans inni.

Glømmen

Diam.: 34,5 cm Høgde: 31 cm

Innskrift: *E.E.S. M.I.D. 1798*

Innskrifta tyder: Erland Eriksen. Marit Iversdatter.

Rundt innskrifta er det ein dekorativ rosett. Erland Eriksen skal sjølv ha støypt klokka på garden.



Bilde frå Glømmen.

Glomstad, øvre

Diam.: 39 cm Høgde: 29 cm Klokka har krone.

Innskrift: *N.K. L.K. Lillehammer VEA RING 1911*

Ho har påsveisa to mynter med diam. 42 mm. Det er same slags mynt med kvar si side ut. Den eine har kongekrone, den andre eit hovud i relief, både med skrift som ikkje kan lesast.

På garden fins desse opplysningane: Klokka er komen til garden frå Vea på Ringsaker. Det er ei gave til Ingeborg og Olaf Glomstad frå Ingeborgs onkel, Bernt Dahl, som hadde selt garden til hagebruksskule. Klokka skal ha vore i Brøttum kyrkje i 200 år og er frå år 1530, men er omstøypt fleire gonger. (Opplysningar etter sokneprest Hauge, Brøttum.)

Enge

Diam.: 39,5 cm Høgde: 25 cm Klokka har krone.

Innskrift på klokka: *Støbt af Embret Hornset i Rendalen. No. 56 Aar 1812.* På vindfløya: *C.I.S.*

Bokstavane står for: Christen Iversen. Klokka har ein vakker, dekorativ bord og har lys klang.

Vedum

Diam.: 37,5 cm Høgde: 25 cm Klokka har krone.

Innskrift: *Denne klokke er støbt af Christopher Møsenødegaardens 1813*

Ringinga fortalte enkelte gonger om kona på garden var raus eller knipete med maten. Klokka har ein noe tung klang.

Bjerke, nordre

Vekt: 35 kg

Innskrift: *Anno 1987 – F.B.*

Bokstavane står for: Fridtjof Bjerke.

Flåtåmo

Diam.: 36 cm Høgde: 32 cm Krone: 6 cm
 Innskrift på vindfløya: *1818*
 Etter at stabburet vart brannskadd i 1945,
 vart klokka teken ned.

Ledum

Diam.: 35,5 cm Høgde: 24 cm Klokka
 har krone.
 Innskrift: *B. Simensen, Gjøvik*
 Klokka kom truleg til gards omkring 1871,
 for det året vart den førre klokka flytt til
 Sprekkenhus. Ho har tung klang.

Sandvik

Vekt: 25 kg Diam.: 31 cm
 Innskrift: *Kari og Ola Sandvik 1985*
 Klokka er ikkje oppsett enno.

Sør-Mageli

Vekt: 40 kg Diam.: 39,5 cm
 Klokka er stemt i einstroken c. Ho vart
 innkjøpt i 1991.

Midtmageli

Vekt: 25 kg Diam.: 31 cm
 Klokka vart sett opp i 1985.

Mageli, nordre

Diam.: 40 cm Høgde: 25 cm Klokka har
 krone.
 Innskrift på klokka: *Støbt af E.U. S.H. I.R.
 DALEN IOANES IOHA Aar 1812 NESSES.
 MOE i ØIER NO 58* På vindfløya: *1911*
 Klokka kom til gards i 1815 som medgift
 frå Mo. Tung klang.

Sprekkenhus

Diam.: 36,5 cm Høgde: 25 cm Klokka
 har krone.
 Innskrift på vindfløya: *B.S. 1871*
 Bokstavane står for: Børe Sprækenhus.
 Klokka kom frå Ledum dette året. Tung
 klang.

Botterud

Diam.: 34,5 cm Høgde: 32 cm Klokka
 har krone.
 Innskrift på vindfløya: *1874*
 Ho kom til gards som medgift frå Rindal i
 1858. Tung klang.

Viker, nordre

Diam.: 41 cm Høgde: 21,5 cm
 Innskrift på opphevet av jern, som truleg
 er støypt samtidig med klokka: *PUMP &
 IRE ENGINE MF & CO SENECA FALLS
 NY.*

På vindfløya: *A.V. 1916*

Bokstavane står for: Anton Viker. Klokka
 er sikkert mye eldre enn dette årstalet. Ho
 er sprukken og har lege nede sidan 1959

Viker, søre

Vekt: 25 kg Diam.: 31 cm
 Klokka vart sett opp i 1980-åra.

Vasrud, øvre

Diam.: 35 cm Høgde: 24 cm Klokka har
 krone.

Innskrift: *A.O. Holte paa Tothen Aar 1885*

På vindfløya: *O.A.V. 1885*

Bokstavane står for: Ole Audensen Vasrud.
 Klokka har ein noe kvass klang.



*Stabburet på øvre Vasrud.
 Klokketårn i sveitserstil.*

Ourom

Diam.: 33,5 cm Høgde: 25 cm Klokka har krone.

Innskrift på vindfløya: *Ø.O. 1866*

Bokstavane står for: Østen Ourom. Tung klang.



Stabburet i Ourom.

Lagethon

Diam.: 34,5 cm Høgde: 24 cm Klokka har krone.

Innskrift: *Støbt af A.O.Holte paa Thoten Aar 1875*

På vindfløya: *J.L. 1875*

Bokstavane står for: Johannes Lagethon.

Klokka har kvass klang.

Skyberg

Vekt: 35 kg Diam: 38 cm

Innskrift: *Kari & Bjørner Skyberg 1985*



Stabburet på Skyberg.

Musdalslien, nordre

Diam.: 31 cm Høgde: 26,5 cm

Innskrift på klokka: *Støbt af B. Forset i Singsaas 1854*

På vindfløya: *M.J.L. 1854*

Bokstavane står for: Mikkel Jakobsen Lien. Tung klang.

Aspelund

Vekt: 25 kg Diam.: 31 cm

Innskrift: *Kirsten og Hallvard Aspelund 1990*

Hong, nordgard

Diam.: 39 cm Høgde: 29 cm Klokka har krone.

Innskrift: *Mart. og Anna Stein Hong 1909.*

L.Knutrud. Lillehammer

Klokka har påsveisa fire mynter med diam. 42 mm; ei med årstalet 1898, ei med 1901.

Optun

Diam.: 37 cm Høgde: 27 cm Klokka har krone.

Klokka sa: "Mat å få! Mat å få!" Ho vart sett opp i 1922.

Ho har lys klang.

Kyrkjeklokker i Tretten:

I Tretten kyrje er det to klokker, ei stor og ei lita.

Den største har slik innskrift: *ME FEGIT
M.C.TROCHELL HOFKLOCKENGIESER
IN COPPENHAGEN 1764 SOLI DEO
GLORIA DERFRE VIL IEG BETALE DIG
GUD MITT LØPTE LIGESOM IEG
HAVER OPLADT MINE LÆBER OG MIN
MUND TALEDE I MIN NØD: P.S.V.
13.14. KLOCKEN TIL TRÆTEN ANNEX I
EYER PRÆSTEGIELD I GULD-
BRANDSDALEN ANNO 1764*

Den minste har ingen innskrift. Vi veit at ei av klokkene som hang i den tømra langkyrkja på Prestegarden frå 1580-åra, hadde i 1665 så utslitne hemper at klokka måtte støypast om. Dette fortel at ho hadde gjort teneste i så lang tid at ho må ha hange i den gamle steinkyrkja som ein meiner vart bygd i fyrste halvpart av 1300-talet, ikkje seinare.

I 1968 fekk den minste klokka påsett ny krone ved klokkestøyperiet Olsen Nauen i Tønsberg. Dersom dette er den same klokka som fekk nye hemper i 1665, tok det altså 300 år å slite ut eit par klokkehemper. Reknar ein så 300 år attende frå 1665, kjem ein til 1300-talet. Det stemmer bra med tida ein meiner denne steinkyrkja vart bygd. Klokka har ein skyr klang.

Kjørkjehaugen på Sør-Tretten

Vekt: 25 kg Diam.: 34 cm

Klokka vart teken i bruk 24. mai 1969 og er plassert i ein klokkestøpul som også er inngangsportal til Kjørkjehaugen.



Støpulen på Kjørkjehaugen, oppsett 1969.

Kjelder:

Andreas Ropeid: Matklokka

«Klokkeklang» 1969

Brosjyre frå Olsen Nauen klokkestøyperi, Tønsberg

Opplysningar frå mange av klokke-eigarane
Historieskrift om Øyer kirke – 250 år

Historieskrift om Tretten kirke – 250 år
Johan Rybakken, Øyer

Historielaget har nå desse bøkene og hefta å selja:

«I gamle fotefar»	1988:	kr 40,-
" "	1989:	" 40,-
" "	1990:	utselt
" "	1991:	" 75,-
" "	1992:	" 75,-
" "	1993:	" 75,-
" "	1994:	" 90,-
" "	1995:	" 90,-
" "	1996:	" 100,-
" "	1997:	" 100,-
" "	1998:	" 100,-

Tilbod for 1988–1997 (minus 1990)
kr. 450,- (27% rabatt)

Kyrkjebøker for Øyer og Tretten

Bok nr 1–2 (1671–1784)

	kr 150,-	både sokna
" " 3 (1785-1823)	" 300,-	" "
" " 4 (1824-1841)	" 300,-	" "
" " 5 (1842-1857)	" 300,-	" "
" " 6 (1858-1874)	" 240,-	" "
" " 7 (1875-1877)	" 70,-	" "
" " 8 (1878-1893)	" 120,-	Øyer sokn
" " 9 (1878-1893)	" uts.	Tretten sokn

I alt kr 1.480,-

Tilbod for bok 1–8 kr. 1.160,-

«Og ingen kom att» kr 120,-
(Om nedlagte heimer i Øyer og Tretten)

Odd Bjerke: Tretten –
afstigning på høire Side kr 120,-
(Om jernbanejubileet i 1994)

Tor Ile: Bygdasong for Øyer kr 60,-
(Ill. av Ola T. Rybakken)

Desse bøkene og hefta får du kjøpt her:

Øyer Handelslag
Lars Holmen, Prestegardsvegen 7, 2636
Øyer, tlf. 612 78 329
Han kan også sende.
Da kjem porto i tillegg.

Det nyeste «I gamle fotefar» er å få kjøpt
på dei fleste butikkane og bensinstasjonane
i kommunen og i bokhandlane i Lilleham-
mer.

